



Mads Teigenes
Rørleggermesteren As, Postboks 59
5906 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/7366 - 23/64125

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
25.08.2023

Du må rette det ulovlege forholdet – pålegg om retting og vedtak om tvangsmulkt - gbnr 345/26

Tiltak: Minireinseanlegg
Byggjestad: GBNR: 345/26
Tiltakshavar: Mads Teigenes og Marius Askeland

VEDTAK:

Med heimel i forureiningsforskrifta § 7 første ledd krev kommunen igangsetting av serviceavtale for minireinseanlegg. Frist er sett til 30.09.2023. Alver kommune skal underrettast når dette er utført.

Med heimel i forureiningslova § 73 vert det fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt, i form av ei eingongsmulkt på NOK 10.000,- og ei dagmulkt på NOK 200,- dersom ikkje serviceavtale er igangsett og service er gjennomført innan 30.09.2023. Tvangsmulkta startar å løpe den 01.10.2023.

Saksutgreiing

Alver kommune viser til førehandsvarsel om pålegg om igangsetting av serviceavtale for minireinseanlegg, datert 17.01.2023. Vi mottok tilbakemelding frå Biovac Environmental Technology AS at serviceavtalen vart igangsett frå den 13.04.2023 og saka vart dermed avslutta. Den 16.08.2023 mottok vi ei ny melding frå Biovac Environmental Technology AS om at serviceavtalen er brutt på grunn av manglande betaling.

Grunngjeving for pålegg om rydding og ilegging av tvangsmulkt

I forureiningsforskrifta § 12-13 andre ledd, vert det sett krav til at minireinseanlegg skal driftast og vedlikehaldast i henhald til ei skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Serviceavtalen skal sikre at anlegget fungerer optimalt og renser avløpsvatnet slik at dette tilfredsstillar krava i forureiningsforskrifta § 12-8.

Dersom ikkje kommunen innan fristen nedanfor har fått ei skriftleg tilbakemelding frå deg med opplysningar om at serviceavtalen er igangsett, vil vedtaket tre i kraft.

Andre opplysningar

Pålegg om tvangsmulkt er tvangsgrunnlag for utlegg, jfr. tvangsfullbyrdslova § 7-2. Tvangsmulkta kan inndrivast utan opphald av Statens innkrevingsentral.

Frist for tilbakemelding

Signert serviceavtale og stadfesting av at denne er igangsett frå Biovac Environmental Technology AS må sendast til kommunen innan **30.09.23**.

Dokumentasjon på at serviceavtale er igangsett sendast til:

E-post: post@alver.kommune.no

Brev: Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikta til å unngå forureining følgjer av forurensingsloven § 7
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forureiningslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forurensingsloven § 73
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.
- Plikt til å inngå skriftleg vedlikehaldsavtale følgjer av forureiningsforskrifta § 12-13.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: **21/7366**

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mads Teigenes

Rørleggermesteren As, 5906 FREKHAUG

Mottakarar:

Mads Teigenes
Marius Askeland
Rørleggermesteren As

Postboks 59		
Torgny Segerstedts vei 150	5143	FYLLINGSDALEN
Duganeveien 3	4048	Hafsfjord
Postboks 59	5906	Frekhaug